

**Etter 6 år med sølv og bronse vart det gull for Brødrene Hjørnevåg under NM i Sjømatprodukter. Den dyktige Uskedal-verksemda fekk den gjevaste medaljen for sin klassikar fiskepuddingen, men det stoppa ikkje der, Hjørnevåg fekk også ei sølvmedalje - for eit nytt produkt - gourmet fiskeburger.**

Dagleg leiar Marit Hjørnevåg er på biletet over saman med kyst- og fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen etter premieutdelinga foran Oslo Rådhus der Matstreif går føre seg - i dag i strålande sol.

Hjørnevåg stilte i klassa for industriprodukt og hadde 7 finalekonkurrentar. Dei var Findus Norge, Maritim Food, Fonn Egersund, Ferdigmat,,MaxMat, Rørvik Fiskmat og Lofotprodukt.

I år hadde Hjørnevåg meldt på 3 produkt, det tredje var fiskekaker.

uskedalen.no hadde dagleg leiar på tråden like etter premieutdelinga. For få dagar sidan ga ho uttrykk for at ho gleda seg til utdelinga i dag.

- Var du allereie då relativt sikker på at det ville bli gull?  
- Nei, det var eg slett ikkje, gullet kom som ei overrasking. Men det var desto meir gledeleg ettersom det var fiskepuddingen som gjekk til topps. Det har vore basisproduktet vårt heilt sidan starten. Samstundes var det svært positivt at eit nytt produkt fekk sølv.

- Har gullet noko å seia for marknadsføringa?  
- Det er jo alltid kjekt å komma øverst på pallen og vi får vona at vi får seld nokre fleire puddingar etter dette

- Vert det stor feiring i hovudstaden i dag?  
- Det veit eg ikkje, men det ligg i alle fall an til eit restaurantbesøk.

Av Ola Matti Mathisen